

## Lønnsom ammekuproduksjon på Vestlandsk fjordfe

### *Forutsetningar*

Nortura har laga kalkyle som viser dekningsbidrag pr ku. Vi har rekna på eit bruk med 100 daa fulldyrka areal + beiter ut frå Norturas kalkyle

Grovforkrav : 2 100 Fem pr ku. Mange bønder som driv ammekuproduksjon med desse rasane brukar ikkje kraftfor i det heile tatt, og driv «gras feed» produksjon. Med ei normal avling på 450 Fem pr daa, kan ein ha 19 kyr med oppforing av oksar i tillegg. Hvis ein i stedet forer opp kvalitetskalv av oksekalvane, så kan ein ha 21-22 kyr. Forkravet er 57,8 % surfor, 10,8 % kulturbeite, 20,5 % utmarksbeite og 10,9 % kraftfor. Den høge andelen beite er ganske typisk for produksjon med gamle kurasar.

Eldre kyr av dei gamle rasane, som opprinneleg er mjølkefe, har såpass høg mjølkeproduksjon at det blir for mykje mjølk til ein kalv. Resultatet er gjerne at ein kjertel aldri blir sugd tom, og kua kan utvikle jurbetennelse, dersom ein forer meir intensivt. Ei ku som ikkje får kraftfor, vil produsere mindre mjølk, ofte meir passande til ein kalv. No er det også nokre produsentar som velger å ha to kalvar under kvar gammalku, hvis dei har avtale/ tilgang på fleire småkalvar. Desse kan bruke noko kraftfor.

### *Resultat og konklusjon*

Kalkyla vår viser at at ei ammeku av Vestlandsk fjordfe gjev litt lågare dekningsbidrag enn ei Angus ammeku. Fjordfekua oppnår eit bidrag på kr 18 806,- kr når ein forar fram oksane til rundt 200 kg, mens Hereford ligg på 20 057,- kr. Men forkravet til Angus er større, og derfor kan ein ha fleire kyr av Fjordfe på samme forgrunnlag. Simuleringa med 100 daa grovfor som begrensande faktor gjev eit dekningsbidrag totalt på 352 tusen for Fjordfe, og dette er ca 18 tusen høgare enn for Angus.

Hvis ein i staden slaktar kalvane som såkalla kvalitetskalv, så blir dekningsbidrag pr ku mindre. Ein kan ha fleire kyr, men simuleringa viser likevel lågare dekningsbidrag totalt på 100 daa.

Størrelsen på dyra varierer noko mellom dei ulike landrasene, men ikkje veldig mykje. Alle forkrava tek omsyn til variasjon i vekt. Og alle dei gamle rasane er gode beitedyr, eit foringsregime som denne kalkyla passar bra til.

Markedserfaringar frå gamle Urfe as og nye Urfe sa/ Nortura tyder på at kjøtt frå vaksne dyr er meir attraktivt pga marmorering og meir tydeleg smaksforskjell. Ein del produsentar som tek att slakt og sel kalvkjøtt sjøl, opplever god respons på kalv også. Men det vil ofte vera best ressursutnytting å fore opp mest mogleg oksekalvar til slaktemodne oksar eller kastratar. Marknaden vil ha mykje meir kjøtt frå gamle rasar enn Nortura/ Urfe greier å skaffe. Derfor er det ønskeleg med framforing av fleire oksar. Kalkylene viser også mest lønnsam produksjon med oppforing av oksar, meir lønnsamt enn å maksimere ku-tallet og slakte/ selge kalv.

Tabell under : dekningsbidrag pr dyr er ganga opp med antal dyr som det er nok grovfor/ vinterfor til på 100 daa fulldyrka. Berekninga er gjort for Angus m/okseoppdrett, landraser med okseoppdrett og for landraser med levering av kvalitetskalv.

	Angus	Landraser	Landraser
	oppforing okser	oppforing okser	kvalitetskalv
FeM surfor	2 700	2 400	2 100
DB pr ku	20 057	18 806	14 749
Forenheter 100 daa	45 000	45 000	45 000
antall dyr på 100 daa	16,7	18,8	21,4
DB totalt på 100 daa	334283	352613	316050